


ÅL KOMMUNE

# PLANSTRATEGI 2017 – 2019

Vedteke i kommunestyret den 16.2.2017

 HALLINGDAL



## FORORD

### Planstrategi

Kommunane har etter Plan- og bygningslova §10-1 plikt til å utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert.

Kommuneplan for Ål, langsiktig del, vart vedteken i 2015, medan arealdel vart vedteken i 2010. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet som gjaldt tidlegare om å rullere kommuneplanen kvart 4 år.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å setta fokus på dei planoppgåver som kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei positiv utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for kommunen til å fastleggje og prioritere vidare planarbeid.

*Februar 2017*

# 1 ARBEIDET MED PLANSTRATEGI FOR ÅL KOMMUNE

## 1.1 Bakgrunn

Plan- og bygningsloven sine regler om planstrategi er bakgrunn for Ål kommune sitt arbeid med planstrategi for perioden 2016 - 2019. Arbeidet har av ulike orsakar teke lengre tid enn planlagt. Oppstart av arbeidet tok på ny til i september 2016.

Dette er andre gong Ål kommune vedtek ein planstrategi etter at den nye planloven blei endra. Materialet er difor avgrensa til å omfatte det materialet Ål kommune sjølv såg som naudsynt.

Ål kommune ser behov for å rullere m.a. kommuneplanen sin langsiktige del. Eit grundigare arbeid med gjennomgang av utviklingstrekk, utfordringar og status vil bli gjort i revideringa av denne.

## 1.2 Bakgrunnsmateriale

Følgjande bakgrunnsmateriale/vedlegg ligg føre for utkast til planstrategi:

- Oversikt over Ål kommune sitt plansystem
- Liste: Oversikt over Ål kommune sine planar 2016 – 2019, inkludert tid for rulling
- Folketalsutvikling, Statistisk sentralbyrå 2016
- Folkehelseprofil 2016 (vedlegg 1)
- Folkehelsevurdering
- Kommuneplan for Ål, langsiktig del, 2015 – 2027

## 1.3 Nasjonale forventningar og regional planstrategi

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedteke 12. juni 2015. Det vert forventa at dei nasjonale forventningane vert følgd opp i det lokale planleggingsarbeidet. Ål kommune tek dei nasjonale forventningane frå 2015 til orientering, men vil legge desse til grunn ved rulling av planar framover. Dette gjeld særleg:

- Beredskapsplikten etter Sivilbeskyttelseslova
  - Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) etter §14
  - Beredskapsplan etter §15

- Folkehelselova
- Naturmangfoldlova
- FNs barnekonvensjon

### **Nabokommunar**

Ål kommune har ikkje teke kontakt med nabokommunar, da me ikkje ser at det ligg felles planbehov i planperioden. Denne kontakten vil bli teke i samband med høyring av planstrategien og ved oppstart av planprogram for rullering av kommuneplanen.

### **1.4 Folkehelse**

Ny Folkehelselov er gjeldande frå 01.01.2012 (sist endra 1.1.2016). I den er planlegging vektlagt som eit sentralt verkemiddel i folkehelsearbeidet med tett kopling til plan- og bygningsloven. Folkehelse skal handsamast politisk i samband med dei alminnelige plan- og beslutningsprosessane i kommunen, jf. folkehelselovens §§ 6 og 21. Loven seier at oversikt over utfordringane i kommunen innan folkehelse skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategi, mål og tiltak.

Det er utarbeida ein oversikt over utfordringane for folkehelsa i Ål kommune, sjå vedlegg 1. Den syner helse utfordringane i Ål kommune. Folkehelsekoordinatoren i Ål har summert opp hovudtrekka i folkehelsa i Ål kommune og gir sin tilråding for oppfølging av dei utfordringane som er kome fram i oversikten. Det er i år ikkje kome fram utfordringar innanfor folkehelse som inneber ei rullering av kommuneplanen.

## **2 VURDERING AV PLANBEHOVET**

Ål kommune ser det som viktig å ha framtidretta styringsdokument for å kunne utvikle kommunen. Styringsdokumenta må ha visjonar og mål for kommunen sin utvikling og vidare gode strategiar for å nå desse gjennom tiltak. Det er viktig at planar vert utarbeidd etter behov og vert gjort til effektive verktøy. Planar som ikkje har god nok politisk forankring i dagens politiske styre eller planar som er gått ut på dato eller ikkje er framtidretta må vere prioriterte planoppgåver for Ål kommune.

## 2.1 Rullering av kommuneplanar

### Kommuneplan for Ål, samfunnsdelen, langsiktig del

- Kommuneplan for Ål, samfunnsdelen (langsiktig del) er revidert i 2015 og gjeld for perioden 2015 - 2027.
- Planen fungerer greitt.

### Arealdelen for Ål

- Arealdelen for Ål er frå 2010. Planen er velfungerande i høve til utbygging i utmark og grender. Det er utarbeid 13 reguleringsplanar som følgje av planen.
- Det er god dekning på nye hyttetomter i Ål.
- Ål kommune ser ikkje behov for å endre denne planen i inneverande planperiode.
- Planoppgåver til seinare rullering:
  - Vurdere eksisterande eldre reguleringsplanar. (Skal dei utgå eller må det til nyregulering) ?
  - Områdevurdering Votndalsåsen i høve til grøntstruktur, veg og VA
  - Vurdere nye innspel om utbygging

### Kommunedelplan for Sundreområdet

Planen vert revidert i 2016.

### Kommunedelplan for Primhovda

- Planen er for perioden 2005 – 2017.
- Planen har ikkje behov for rullering.
- Ved rullering av arealdelen for Ål bør Primhovda inngå som ein del av denne.
- Ved rullering bør ein vurdere om planen er realistisk. Dette gjeld særleg nordområdet.

## 2.2 Rullering av sektorplanar, kommunale reguleringsplanar og andre fagplanar

- Dei fleste sektorar i Ål har forholdsvis nye 4. årige sektorplanar. Desse er godt politisk forankra og er gode styringsverktøy for sine respektive sektorar. Planane skal rullerast kvar kommunestyreperiode.
- Sektor for drift og utvikling har ingen eigen sektorplan. For sektoren er det derimot mange fagplanar.
- Vedlagte planliste syner når dei ulike sektor og fagplanane har behov for rullering.
- Ikkje alle sektorplanar har tydeleg handlingsplan – det vil bli utarbeidd etter kvart.

PLAN		REVISJON	POLITISK	ADMINISTRATIV	RULLERING
<b>KOMMUNEPLANAR</b>		Vurderast kvar k-styreperiode			
<a href="#">Kommuneplanen, langsiktig del 2015-2027</a>	2015		KPU/ kommunestyre	Rådmann	Etter 2019
<a href="#">Arealdelen av kommuneplanen 2010-2022</a>	2010		KPU/ kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Etter 2019
<a href="#">Kommunedelplan for Sundreområdet 2005-2017</a>	2004		STNR/KPU/ kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Pågår 2015-2017
<a href="#">Kommunedelplan for Primhovda</a>	2006		KPU/kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Etter 2019
<a href="#">Plan for profil og omdømmebygging 2010-2030</a>	2010		næringsstyre/ kommunestyre	Rådmann	Etter 2019
<a href="#">Kommunedelplan for idrettsanlegg og fysisk aktivitet</a> - MÅL - Handlingsdel	2012	4 årig Handlingsdel årleg	kommunestyre	Kultursjef	2017-18
<b>OVERORDNA SEKTORPLANAR 4. årige</b>		Reviderast kvar k-styreperiode			
<a href="#">Kulturplan 2010-2015</a>	2010	4 årig	kommunestyre	Kultursjef	2017
<a href="#">Betre læring i Ål – strategiplan 2016-2019</a>	15.9.2016	4 årig	SUO	Kommunalsjef oppvekst	Pågår 2016
<a href="#">Strategisk næringsplan 2017-2020</a>	2017	4 årig	Næringsstyre/ kommunestyre	Utviklingsavdelinga	2020
<a href="#">Plan for rehabiliterings- og omsorgstenester 2015-2026</a>	2015		SHO		2019
<a href="#">Helse og omsorgsplan 2016-19</a>	15.9.2016	årleg	SHO/kommunestyre	K-sjef helse og omsorg	2019
<b>HANDLINGSPLANAR</b>		Årleg			
Økonomiplan for 2017-2020	2016	Årleg	Fskap/k-styre	Rådmann	Årleg
Betre læring i Ål - handlingsplan	15.9.2016	Årleg	SUO	Kommunalsjef oppvekst	Årleg

<b>FAGPLANAR</b>		Ved behov			
Plan for kommunikasjon	2016		Administrativ	Rådmann	
Hovudplan for avlaup 2006-2011	2006	4 årig	STNR/kommunestyre	VAR-avd	2017
Vassbruksplan for Ål 2006-2011	2006	4 årig	STNR/kommunestyre	VAR-avd	2017
Hovudplan for veg	13.12.2012	Ikkje fast revidering	STNR/kommunestyre	Park og veg	Etter 2019
Skiltplan for Ål	25.6.2013	4 årig	STNR (kommunale vegar)	Park og veg	2017
<a href="#">Plan for trafikktryggleik 2014-2017</a> Tiltaksdel 2016	25.6.2015 27.10.2015	4 årig årleg	STNR/SUKO Kommunestyre STNR/SUKO	Utviklingsavdelinga	2019
Beitebruksplan	2003		STNR	Utviklingsavdelinga	2018-19
Beredskapsplan for Ål		årleg	rådmann	Beredskapskoordinator	årleg
Risiko og sårbarhetsanalyse		årleg	rådmann	Beredskapskoordinator	årleg
<a href="#">Plan for legetenesta 2015-2018</a>	2015	4 årig	SHO	K-sjef helse og omsorg	2019
Plan for psykisk helse		4 årig	SHO	K-sjef helse og omsorg	
Klima og energiplan for Ål Årleg tiltaksplan bør utarbeidast	2011	4 årig	Kommunestyre	Rådmann	Etter 2019
<a href="#">Målbruksplan</a>	1998		SUKO/kommunestyre	Kultursjef	2018
<b>Kommunale reguleringsplanar</b>		Ved behov			
Gullhagen næringsområde	Ny			Utviklingsavdelinga	2017
Oppsjøtippen næringsområde	2011			Utviklingsavdelinga	2017
Området rundt Ål kulturhus				Utviklingsavdelinga	2017
Planfri snarveg kryssing rv 7 ved Vangen	Ny			Utviklingsavdelinga	2018
Gangbru over riksveg 7 ved Skuleområdet	Ny			Utviklingsavdelinga	2019
Ny veg Strandalivegen og industri vest for Ål stasjon	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2019
Granhagen -Nossvegen sykkelveg	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2019
Gartnarvegen - fortau	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2019
Gangveg Feten-Leveld skule fv 244	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2019
Gangveg Hagaleet –Samhald fv 244	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2019
Gangveg rv 7 Kleivi-Breie	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2019

## 2.3 Rullering av regionale planar

<b>REGIONALE PLANAR</b>					
<a href="#">Felles regionalplan for Nordfjella</a>	2014		Fylkestinga	Nordfjellarådet	
Strategisk plan for Hallingdal 2013- 2016	2012		Hallingtinget	Regionrådet	Pågår i 2016-17
Avfallsplan for Hallingdal	2016			Hallingdal renovasjon	Etter 2019
Energi og klimaplan for Hallingdal og Valdres	2010		Regionråd	Regionrådet	Etter 2019
Ruspolitisk handlingsplan 2012 - 2016	2012		Interkommunal	Kommunalsjef helse og sosial	?
Tiltaksplan for skogbruket i Hallingdal 2016-2019	2016	4 årig	Interkommunal	Skogbrukssjef/ Hallingskog	2019
Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Hallingdal 2016 - 2019	2015	4 årig	Interkommunal	Jordbruksforum Hallingdal	2019